

**Fra:** Øystein Skauge  
**Sendt:** 10. juni 2017 12:02  
**Til:** KR-Postmottak  
**Kopi:** BKF Arkivpost  
**Emne:** Høyringsvar frå prosten i Åsane . Reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og kyrkjemøtet

Til Kyrkjerådet.

Eg vil ikkje gå i djupna på alt det er råd å meine noko om i dette store og viktige dokumentet som no er ute på høyring.

Eg vil avgrense meg til korte synspunkt på nokre av dei viktigaste og mest prinsipielle sidene når nye reglar skal utformast.

Først **til § 9. (1) og (2)** som handlar om at kyrkjevalet skal føregå i tilknytning til eit riksdekkjande politisk val.

Ikkje minst i lys av at Den norske kyrkja no er skild frå staten, er dette eit nesten meiningslaust framlegg.

Det kan kanskje bety noko økonomisk innsparing ved å gjere det slik.

Likevel må kyrkjevalet heilt frikoplast frå offentlege val.

Valet bør vere på ein søndag i tilknytning til ei gudsteneste, men med gode høve til på førehand å kunne stemme mange stader i soknet.

Det bør leggjast til rette for høve til å stemme elektronisk.

Innan same kommune/fellesrådsområde bør det på valdagen vere råd å stemme kvar som helst innan dette området.

Så litt om **valform**. Jfr § 5.3

I framlegget som er sendt på høyring er det ulike alternativ til korleis bispedømerådet skal veljast. Anten direkte val, eller ein kombinasjon av direkte og indirekte val.

Eg vil argumentere for ein kombinasjon av direkte og indirekte val av bispedømerådet slik det er skissert i høyringsutkastet: *Alternativ 1 – videreføring av dagens ordning*.

Eg vil gå inn for det vi her kan lese under **§5,3 (1) pkt b**.

Ein slik måte å velje bispedømerådet, ved ein kombinasjon av direkte og indirekte val, vil vere ein viktig måte å styrkje soknerådet sin rett til medbestemming. Det vil gjere det attraktivt å sitje i soknerådet når ein slik får større innflyting på noko så viktig som samansetjinga av dei som utgjer Kyrkjemøtet.

Dette har samstundes også tydelege parallellar til det vanlege organisasjonslivet og til politiske parti der indirekte val til organisasjonsstrukturen er det normale.

E slik ordning bør vere obligatorisk for heile landet.

Alternativt at dei bispedøma som ynskjer det kan gjere vedtak om ei slik valordning.

Til slutt: Litt om **fleirtals- og forholdstalsval**

Eg vil støtte framlegget i alternativ 2 – Ordning med nominasjonskomiteens liste og andre lister.

Samtidige frister.

Med venleg helsing

Øystein Skauge

Prost i Åsane  
Åsane senter 44, 5116 Ulset  
Epost: [os279@kirken.no](mailto:os279@kirken.no)  
Tlf.: +47 90051359